



## Møtebok

Sak nr 50/2009

Møtedato: 18.11.09

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: F530

### F 530, Nørre Gilen – tvist om gjerde

Fjellstyret har fått klage frå Torger Hålien om at stølsnabo Rognes har flytta gjerdet på tilleggsjord F 530. Ola Tande har også vore i kontakt med fjellstyret om saka. Fjellopsynet v på staden å kontrollert inngjerdinga, og det såg ut som om gjerdet nyleg var flytta ca 40 cm der goto er på det smalaste. Etter kontrolloppmåling fyrste gong i 1995 var avstanden på det på 2,5 meter, i dag er avstanden 2,2 meter.

Arealet vart vist ut 1961, men i utvisingsvedtaket frå står det ikkje kor stor avstand det skal vera mellom tilleggsjorda og stølen til Hålien. Oppdyrking vart sluttført ca rundt 1980 og eit dyrkingskart viser bekken på yttersida av gjerdet og ikkje på innsida slik det står i dag. Dette kartet er ikkje utarbeidd av fjellstyret, man av landbrukskontoret i samband med dyrkingsplan. Dette er ikkje eit dokument som er avgjerande for kvar fjellstyret viste ut arealet.

Statskog og fjellstyret var på befarung på staden i 2001. Ein prøvde då å få til eit forlik ved at begge flytta gjerdet 1 meter kvar der det var på det smalaste. Rognes stadfesta at han aksepterte eit slikt forlik, men Hålien var ikkje interessert i forlik om dette. Sidan ein ikkje kunne konkludere sikkert kvar utvisinga skulle vera ut frå fjellstyrevedtaket 1961, vart det ikkje gjort meir med saka. Partane vart einige om ei grensejustering ved fjøset til Rognes, og gjerder vart flytta relativt raskt i samsvar med forlik.

Administrasjon har skrivne til Rognes, Hålien og Bakke og bede om orientering om problemet. Svar på brev er lagt ved møtepapira. Både Bakke og Hålien har god veg litt lengre sør, og det er ingen som kan dokumentere at dei har praktisk behov for goto. Hålien og Bakke framhevar at det er viktig å ta vare på den gamle vegen ut frå kulturhistoriske verdiar. Dette skal vera den gamle stølsvegen som gjekk heilt til Strø og Kvitehaugen. Dei kan ikkje dokumentere praktisk behov for vegen.

Rognes opplyser at dei 2008 fekk vasskader på selet pga bekken bygde seg opp i snøsmeltinga. Det var laga ein voll mellom gjerde og bekken, dette er bakgrunn for at gjerdet er flytta. Om gjerdet fyrst var flytta etter forlik i 2001 og så flytta tilbake er uklart.

Ein kan vanskeleg sjå at bruk av traktor er den beste måten å ta vare på goto. Traktorar gjer langt større skade enn ei hestevogn. Ut frå flyfoto ser ein markering etter hjulspor, men utanom siste del mot stølane til Bakke og Hålien kan ein neppe vurdere dette som ein veg i dag. Veg som ikkje er opparbeidd for kjøring med vanleg bil, er etter "Lov om motorisert ferdsel i utmark" ikkje tillete å bruke til motorisert ferdsel. Eventuell opparbeiding av veg til normal standard, krev godkjenning av både grunneigar og kommunen.

Om ein vegrett blir erstatta med ein ny vegrett, er det ikkje automatikk i at ein får behalde den gamle retten. Stølsbrukarane har fått avløyning med ein ny vegrett sør for stølane. Om det framleis skulle vera rett til ferdsel på denne vegen, er ikkje dette ein eksklusiv rett til Bakke og Hålien, sidan dette er den gamle stølsvegen til Strø.

Etter stølsforskrifta avgjer fjellstyret utvising av tilleggsjord og Statskog tek stilling til inngjerding. Bruk av grunn til veg er eit spørsmål Statskog avgjer som grunneigar.

### Vedtak

Før fjellstyret tek avgjerd i tvisten om goto, vil ein be Rognes og Hålien på nytt å vurdere forliket som vart skissert under befarung i 2001.

Fjellstyret reknar ikkje dette som ein veg som er open for motorisert ferdsel, jf. lov om motorisert ferdsel i utmark. Vegen kan derfor ikkje nyttast til kjøring med motorisert kjøretøy.

Einstemmig vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 27.11.09

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Sigrid og Knut Einar Rognes  
Torger Hålien  
Ola Bakke  
Statskog